



Mari Boine - Leikskeid 2017

Utstillingar

Utstillingsopning 7. januar
Terje Bjørnsen
"Hallingskarvet og é"



Foto
Arrangør: Ål kulturhus

Utstillingsopning 18. februar
Mona Øyno Øen
Ingvild Kaslegard
Brit Honne Paulsen
Hege Holen Paulsrud
"Lokale heltar"



Diverse teknikkar
Arrangør: Ål kunstforening

Utstillingsopning 1. april
Arne Berg



Akvarellar
Arrangør: Ål kulturhus

Utstillingsopning 20. mai
Anne Kristin Hagesæther



Måleri og grafikk
Arrangør: Ål kunstforening

Utstillingsopning 24. juni
Hildegunn Guroplass Solbø
"Arv"



Mixed media
Arrangør: Ål kulturhus

Galleri Syningen



PRØV EIN HEILAFTEN

Ål kulturhus samarbeider med Thon Hotel Hallingdal og Hallingdal Feriepark om middagsservering før arrangement.
For våren 2017 gjeld det desse forestillingane:

- 29. januar:** Konsert med RØST og Ole Edvard Antonsen
25. februar: CREEDENCE STORY NIGHT m/Fortunate Sons
11. mars: TOVE BØYGARD m/band
6. april: TRINE REIN feat TONY CAREY m/band
12. mai: Stand-up m/DORA THORHALLSDOTTIR

Sjå pris, klokkeslett, stad og meny på dei aktuelle arrangementa

KJØP BILLETTAR PÅ
www.aal.kulturhus.no
www.hallingbillett.no

Billett kjøp i skranken på Ål kulturhus
kostar kr. 10,- ekstra pr. billett

NB! Prisane som står i dette programmet er
prisar ved kjøp av billett på nett



Me ynskjer velkomen til Ål kulturhus
- staden for dei gode opplevingane!

Kjære publikum

For vinter/vår 2017 vil Ål kulturhus nok ein gong tilby deg eit mangfaldig kulturtilbod. Skal eg trekkje ut eit par godbitar som eg tenkjer du bør prioritere, må det fyrst bli danseforestillinga Leahkit i januar. Frikar, med Hallgrim Hansegård i spissen, har inngått eit samarbeid med den samiske musikaren og joikaren Torgeir Vassvik, og saman leverer dei ei unik reise i dans og musikk. Ein smakebit vart vist fram på Leikskeid 2016, og publikum var storleg imponerte over den fantastiske forestillinga. Har du endå ikkje fått med deg Leikskeid, så har du nok ein gong sjansen laurdag 19. august. Då møtest publikum og artistar ved lungsdalshytta etter ein times vandretur innover fjellet. Når du kjem fram får du servert rumme-graut i handa, majestetisk natur som kulisser og fantastiske artistar på scena. Me forventar fullt "hus" når sjølvaste Mari Boine m/band entrar scena etter at Darling West har varma opp publikum med kjenslevar og varm country-musikk. I tillegg til dette kan du velje blant forestillingar i dei fleste sjangrar i vårhalvåret. Velkomen til nytt kulturhusår med dans, lyrikk, musikk, humor, trylleshov, foredrag, teater og mykje anna.

Me sjåast!

Anita B. Skoglund

Foto framside:
Carina Musk Andersen

Ål kulturhus
Myren 40, 3570 Ål
Telefon: 32 08 51 00
aal.kulturhus@hallingnett.no
www.aal.kulturhus.no

Info

Biblioteka i Hallingdal presenterer:

Vinterles

På mørke vinterkveldar, kva er vel betre enn å sitje i godstolen med noko varmt i koppen og ei god bok?

Biblioteka i Hallingdal arrangerer for fyrste gong ein lesekampanje for vaksne: Vinterles.

I januar vil bibliotektilsette i Hallingdal presentere eit utval gode litteraturtips rundt omkring på alle biblioteka i dalen. Det blir både nye og gamle titlar, men alle bøkene har på ein eller annan måte noko med vinter å gjere.

Velkomen til ein inspirasjonskveld med tips til lesestoff for heile vinteren!

Litteratur ●

Ål bibliotek

Måndag 16. januar kl. 1900

Gratis inngang

Leahkit



• Dans

Leahkit er eit fasinerande og engasjerande møte mellom leiaren av FRIKAR, **Hallgrim Hansegård**, og den samiske musikaren og joikaren **Torgeir Vassvik**.

Leahkit er nordsamisk for "å vera til stades", ein fysisk, mental og spirituell tilstand som har havna på gourmetdisken i ei tid der multitasking blir forventa dagleg.

Hansegård og Vassvik har dykka ned i sine respektive tradisjonar for transe i dans og musikk, som er stilna av fornorsking og kristning gjennom tidene. Leahkit er eit sjeldant møte mellom norsk folkedans og joik. Verket utforskar ei reise mellom ulike måtar å vera til stades på.

Forestillinga varar ca 50 minutt.

Koreografi, dans og kostymedesign:
Hallgrim Hansegård
Musikk: Torgeir Vassvik
Lysdesign: Horst Mühlberger
Dramaturg: Matthias Quabbe
Lyddesign: Herman Kvelprud
Kostymer: Sylvia Denais
Ytre augo: Maja Ratkje og Karene Lyngholm.
Produsent FRIKAR.

Storesalen
Laurdag 21. januar kl. 1900
Billettar kr. 250,-

Konsert med regionkorpset Røst og Ole Edvard Antonsen:

Konsert ●



I samarbeid med

ÅLHYTTA 

DESIGN SOM STANDARD SIDEN 1966

Storesalen

Sundag 29. januar kl. 1600

Billetter kr. 290,-/175,-



Feel the Rythm!

Opplev dei beste skulekorpemusikarane i regionen i samspel med ein av verdas beste trompetistar.
Programleiar/gjestedirigent:
Thor Olav Fjellhøi.

RØST er Norges Musikkorps Forbund Øst sitt regionkorp og består av 45 unge musikantar i alderen 16 til 21 år. For å bli tatt ut til regionkorpset må musikantane gjennom eit prøvespel der målet er å finne unge talent som ynskjer å satse på ei framtid som profesjonelle musikarar. Dirigent for korpset er finske Tanja Räsänen.

På konserten medverkar Ole Edvard Antonsen som solist. Han er rekna som ein av dei beste trompetistane i verda, og vil saman med korpset syte for at publikum får ei musikalsk oppleving av dei sjeldne.



Ål kyrkjeakademi presenterer:

Terje Fonk


Om reformasjonsmålaren Lucas Cranach

Prost Terje Fonk har gjennom fleire år skaffa seg kunnskap om reformasjonsmålaren Lucas Cranach d.e. (f 1472). Interesse vart vekt då Cranach sitt måleri «La de små barn komme til meg», som heng i Larvik kirke, brått vart stole – og den enorme verdien dette måleriet har vekte oppsikt over heile landet.

Terje Fonk vil med bilete og ord lyfte fram kva innverknad Lucas Cranach hadde på Luther og reformasjonen. Han var hoffmålur hjå Kurfyrsten av Sachsen, men vart ein ivrig protestant og ein nær ven av Martin Luther.

Måle- og teiknekunsten til Cranach fekk avgjerande innverknad på utbreiinga av Luther si evangeliske oppdaging, ikkje minst med bruk av karikatur- og satireteikningar i kritikken av Den katolske kyrkja.

På ei tid då boktrykkjarkunsten vaks fram vart bilete, pamflettar og teikningar spreidde over heile Tyskland i raskt tempo, og vart ein sterk reiskap i formidlinga av innhaldet i reformasjonen ut til folket. Lucas Cranach d.e. var ein betydeleg person i Wittenberg, der han i tillegg til målekunsten dreiv apotek og bokhandel. Då Luther gifta seg med Catharina i 1525 var Cranach naturleg nok forlovar.



● Foredrag

Nesch-museet
Fredag 3. februar kl. 1915
Billetter kr. 150,-/120,-



TEATRET

Teater ●

På scena:
Sven Nordin

Av Fredrik Backman
Dramatisert av
Marie Persson Hedenius,
Johan Rheborg og
Emma Bucht
Omsett av Nina M. Due
Regissør: Bjarni Thorsson
Scenograf og
kostymedesignar:
Finnur Arnar
Musikk: Frank Hall
Produsert av Thorsson Productions
og Oslo Nye Teater.

Forestillinga varar i
1 time og 20 minutt (ingen pause).

Storesalen

Laurdag 11. februar kl. 1900

Billett kr. 435,-/355,-

SVEN NORDIN
En mann ved
navn Ove

Foto: Gisle Bjørnely

Sven Nordin i ei teaterforestilling om kjærleik, ordentlege verktøy og kor viktig det er å køyre Saab.

Suksessromanen *En mann ved navn Ove* vart i fjor til både film og teater. I Stockholm fekk oppsetjinga strålende mottaking og vart omtalt som «feelgood-teater med meining». Over 60 000 publikummarar har så langt sett forestillinga. No kjem teaterversjonen til Noreg med sjølvaste Sven Nordin på scena. Ove er 59 år og køyrer Saab. Han er sur og tverr og alle naboars skrekk. Kvar morgon går han på ein inspeksjonsrunde i burettslaget for å sjå at alt er på stell. Det til tross for at han for lengst er avsett som styreleiar – ei hending han sjølv omtalar som statskuppet. Ove sparar på straumen og prutar i butikken, og har alltid eit uvennleg ord til dei fleste. Me kjenner alle ein mann som han. Men under overflata på denne innbitte, steile mannen finst ein annan Ove. Ein einsam mann som sørgjer over tapet av kona si. -Reisa frå gretten gubbe til eit samansett og sårbart medmenneske, er vakker, sier Sven Nordin.

Regien er ved Bjarni Thorsson, som tidlegare har hatt suksess med Nordin med forestillingane *Hulemannen* og *Pappa*. Han er ikkje i tvil: Sven Nordin er som skapt for rolla som Ove.



Lokalmønstring

● Mønstring

Endeleg er UKM (Ung Kultur Møtes) attende på Ål kulturhus, og no skal dei unge, lovande utøvarane våre få vise fram alle sine kunstar. På scena finn du barn og ungdom mellom 10 og 20 år, og i foajeområdet blir det synt fram kunst i alle variantar. På UKM kan nemleg ungdom delta med ALT!

Ballet, rock, joik, kulokk, laus, teater, lyrikk, rap, foto, måleri, teikning, breakdance, film, fele, trommer, sirkus, saum, treskjæring, keramikk, broderi, sjonglering, buktaling, installasjon, stand up, gitar, piano, fløyte, folkedans, trompet....og alt anna.

Utøvarar frå 13 år kan vere heldige og bli plukka ut til å delta på UKM Fylkesmønstring som i år blir arrangert på Ål kulturhus helga 21.-23. april.

Bli med å støtt dei unge talenta
- velkomen til ei forrykande forestilling!!



Storesalen

Sundag 19. februar kl. 1600

Billett kr. 150,-/65,-

Hyttemøte

Treff ●



Foto: Ål Utvikling AS

I vinterferien blir det for niande gong arrangert treff for hytteålingane i Ål. Det er Ål kommune og Ål Utvikling AS som inviterer til treffet som eit tiltak for å forsterke og utvide den gode kontakten med hyttefolket i bygda.

Det blir ikkje arrangert hyttemesse dette året, men Lokalmatkassen vil ha stand utanfor Veslesalen med info om produktet helgekassa.

På hyttemøtet blir det dialog og informasjon om ulike tema som vil vere av interesse for hyttefolket. Det blir også kulturinnslag og tid til spørsmål. Meir detaljert program vil bli lagt ut på www.aal.kommune.no /www.al.no

Veslesalen

Laurdag 25. februar kl. 1400

Gratis inngang

Arrangør: Ål kommune og Ål Utvikling AS

CREEDENCE STORYNIGHT

Med

FORTUNATE SONS



Premieren i Drammens Teater var utselt ein måned før forestillingsdato, og i februar kjem bandet endeleg til Ål med forestillinga. Her vil Fortunate Sons spele seg kronologisk gjennom alle albuma til originalen, og trekkje ut dei mest kjende låtane, ispedd historikk om både band og låtar. Fortunate Sons - the Creedence Clearwater Revival Experience hentar fram den rockenerva og det bluesdrivet originalane stod for, og ein konsert med dette bandet og denne musikken er verkeleg ei vitamininnsprøyting.

Med klassikarar som *Up Around the Bend*, *Heard it through the Grapevine*, *Proud Mary*, *Hey Tonight*, *Good Golly Miss Molly*, *Have you ever seen the Rain*, *Susie Q*, *I put a Spell on you*, *Down on the Corner* og *Bad Moon Rising* var Creedence Clearwater Revival eit av verdas mestseljande band då dei var på topp. I høve 45-årsjubileet for singelen *Have you Ever Seen the Rain* reiser no det norske bandet Fortunate Sons rundt med forestillinga Creedence Story Night.

● **Konsert**

HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark
Kl. 17.00

- Indrefilet av svin, sennepssaus, potetstappe, sopp, og rotfrukter
- Brownies med vaniljeis

Billett inkl middag kr. 555,-

Storesalen
Laurdag 25. februar kl. 1900
Billett kr. 310,-

Teater ●

På scena:
Erlend Vikhagen,
Hans Norman Røine,
Silje Breivik,
Joseph Angyal,
Mads Jørgensen og
Kristian Winther.

Regi: Atle Knudsen
Dramaturg: Oda Radoor
Scenograf: Christine Lohre
Kostymedesign: Signe Vasshus

 brageteatret

Storesalen

Onsdag 8. mars kl. 1800

Billetter kr. 280,-/225,-



Brødrene Løvehjerte

Nokre ting må ein gjere, elles er ein ikkje eit menneske, berre ein liten lort!
Kavring elsker bror sin Jonatan over alt anna. Jonatan som er modig og sterk.
Med han vågar Kavring å vere med på alle slags eventyr.
Men ikkje åleine. Åleine er han berre ein liten svekling.
Så bra då, at han ikkje må vere i Nangijala utan Jonatan.
Så bra, at i Nangijala er dei Brødrene Løvehjerte.

Brageteatret si forestilling fortel om eit sterkt syskenforhold, om kjærleik, gode krefter og motet som viser seg i kamp mot vonde makter. Gjennom bruk av musikk og skuggeteater blir det skapt ei magisk og varm forestilling om dei store tinga i livet. Forestillinga varar ca 1 time utan pause, og høver best for ungar frå 5 år.

Ål kyrkjeakademi presenterer:

”En Gud for de mange”
Helge Simonnes

Foto: Sturlason

Ål Kyrkjeakademi får besøk av tidlegare sjefredaktør i Vårt Land, Helge Simonnes. Han har nettopp gitt ut den aktuelle boka «En Gud for de mange» på Kagge Forlag. Boka har i den siste tida fått mykje omtale i ulike presseorgan. I tolv historier fortel han om korleis bokstavtru på Bibelen fører truande på avvege. Etter kvar historie deltek biskopane i Den norske kyrkja i ein refleksjons-samtale. Simonnes vil fortelje om bakgrunnen for boka og arbeidet med den. Han inviterer til foredrag/samtale om fylgjande: Skepsisen til religion veks i Noreg og avstanden mellom kyrkje og folk er aukande. Stadig færre søker til gudsteneste, talet på born som blir døypte går ned, det same gjer talet på kyrkjebryllaup. Helge Simonnes meiner at dei truande sjølve må ta noko av ansvaret for denne utviklinga. Kyrkja har ikkje teke nok oppgjær med usunn truspraksis, og han meiner at kyrkjelege miljø er for lite lydhøre for kritikk. I boka kjem Helge Simonnes med framlegg om ein åndeleg ver varsam-plakat i 12 punkt.

● Foredrag

Nesch-museet
Onsdag 8. mars kl. 1915
Billett kr. 150,-/120,-

Platesleppkonsert!

Tove Bøygard m/band

Konsert ●



HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark

Kl. 17.00

- Steikt kylling med timiansaus, steikte potetar, sellerirotpure, spinat og lauk ragu
- Crème brûlée

Billett inkl middag kr. 545,-

Foto: Christian Nystrom

Tove Bøygard har gjeve ut 5 plater med eige materiale. Ho vart Spellemannsnominert i kategorien country i lag med syster si, Anita, i duoen *Bøygard* i 2014 for plata "Blågras på Skringdo", produsert av Jonas Fjeld. Tove har spelt inn si nye soloplate i Kleiva Studio i Halden, med Freddy Holm som produsent og strengemeister. Med på plata er også Eivind Kløverød på trommer og bassistane Jørn Bøgeberg og Finn Tore Tokle. Plata har fått tittelen "Blåe Drag", og blir gjeven ut på Tove sitt eige plateselskap Lucky B Records. Den kjem i fysisk format både som CD og vinyl. Plata befinn seg i eit landskap som kan beskrivast som "Country Noir". Mange av låtane loddar i det mørkare leiet både musikalsk og tekstleg. Tematikken spenner frå det mellommenneskelege og filosofiske til det politisk engasjerte. Til Ål kulturhus tek Tove med seg bandet sitt, som består av: Freddy Holm på alle slags gitarar og fele, Jørn Bøgeberg på bass og Eivind Kløverød på trommer

Storesalen

Laurdag 11. mars kl. 1900

Billetter kr. 300,-

Susanne Lundeng

Nesten ikke helt som før

I soloforestillinga *Nesten ikke helt som før* fortel, dansar og spelar Susanne Lundeng ut kjærleiken ho har til ein nordnorsk folkemusikktradisjon ho kanskje delvis har funne på sjølv. Til tider kan den kjennast som eit åk. Andre gonger er den det viktigaste i verda. Reisa hennar frå folkedansar via spelekvinne til konsert- og plateartist har gjort at ho stadig på nytt har måtta finne opp forholdet sitt til denne tradisjonen. Ein tradisjon som har oppstått og vorte dyrka på heilt andre måtar i nord enn sør i landet. Musikken har vorte utveksla der det har vore folk - på fiske, på marknadar og på handelsreiser. Kampen for å forbinde seg med denne musikktradisjonen og med publikum har paradoksalt nok gjort henne einsam til tider. Då trøystar ho seg med gamle slåttar og minnene frå dei som lærte henne desse. Dette one-woman-showet svingar mellom avslørande sjølvironi og brådjupt alvor. Det er ei forteljning om ein folkemusikksamling drive av nordlandsk nasjonsbygging. Men også om ein moderne artist som byggjer si personlege stemme.

Susanne Lundeng - fele
Aslak Moe - regi og dramaturgi
Gull Øzger - koreografi
Ida Andersson - lysdesign
Fritjof Lindemann - lyddesign

Nesten ikke helt som før er ein samproduksjon mellom Riksscenen og Førdefestivalen.



Foto: Heidi Hattestein

● **Konsert**

Storesalen
Fredag 17. mars kl. 1900
Billetter kr. 250,-

Kor O2 og Krogstad storband



Konsert ●

Kor O2 er eit kor med base i Modum som vart stifta i 2002.

Koret er eit blandakor for vaksne og har i dag 40 medlemmer. Dei fyrste åra var repertoaret i all hovudsak gospelmusikk, men etter kvart har koret utvikla seg både i kvalitet og sjanger og har no eit svært allsidig repertoar.

Krogstad Storband har si musikalske base i Nedre Eiker kommune utanfor Drammen. Bandet vart starta i 1976 og definerer seg som eit underhaldnings-storband som blir nytta i mange samanhengar. Storbandet har eit rikhaldig og variert repertoar.

I tillegg til dei sjølvskrivne swing-godbitane frå storbandmusikkens gullalder, spelar dei også ei solid samling av dei mest kjente pop-, rock- og disco-låtane frå dei siste tiår, og det er denne gode blandinga publikum får oppleve på konserten.



Storesalen

Laurdag 25. mars kl. 1800

Billett kr. 250,-/150,-

● **Konsert**

Requiem av Maurice Duruflè

Ål-koret

Foto: Ole Johs Brye

Maurice Duruflè (1902-1986) sitt Requiem, urframført i 1947, er eit av dei mest sentrale verka frå den europeiske korlitteaturen frå det 20. århundre. Verket vart skriva under den 2. verdskrigen, men er tydeleg inspirert av tonespråket frå den gregorianske songtradisjonen. Stykket byr på store utfordringar for både kor og organist, og Ål-koret gler seg til å presentere resultatet av ein lang og intens øveperiode. Requiem er hovudverket i Ål-koret sin store kyrkjekonsert to veker før vi går inn i påskehøgtida, men konserten inneheld og andre perler frå den klassiske korlitteraturen og nyare musikk.

Koret har som vanleg med seg kantor i Ål, **Audun Flaen**, på orgel. Sopransolist er operasongar **Marit Sehl** frå Drammen/Ål, som koret har samarbeidd med på fleire store kyrkjekonsertar tidlegare. Koret blir som vanleg leia av sin faste dirigent **Arild Rønsen**, som denne kvelden også er solist.

NB! Ål kyrkje
Sundag 26. mars kl. 1700
Billetter kr. 250,-/150,-/500,- (familie)

Trylling ●

Trylleskule for barn kl. 1630:

Erling Solland arrangerer trylleskule for barn før showet. Varar ca 1 time.

NB! Begrensa antal plassar.

It's Magic!

Trylleshow m/Erling Solland

Erling gjer det umoglege mogleg i dette tettpakka og underhaldande familieshowet med spektakulære illusjonsnummer, eldsluking og tradisjonell trylling. Med ekte magi blir både fantasien og hjernevinningane sett i sving - og ein frå publikum kan glede seg over å få vere med som Erling sin assistent.

Erling Solland har jobba som profesjonell artist sidan 1983, og har vunne ei rekkje fyrsteprisar i både nasjonale og internasjonale meisterskap. Han har fem Norgesturnear bak seg, fleire år som fast entertainer på både Color-Line og Stena Saga, samt langtidsengasjement i dei største familieparkane i landet. Solland har medvirka i mange teaterproduksjonar og TV-program. Han har laga spesialeffektar for film og teater, og han jobbar mykje for næringslivet.

Storesalen

Torsdag 30. mars kl. 1830

Billetter kr. 275,-/220,-

Billett for barn inkl. trylleskule kr. 275,-

Trine Rein feat Tony Carey m/band

● Konsert

HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal
Kl. 17.00

- Grillet Okse ytrefilet med steikte grønnsaker og Jack Daniels BBQ saus
- Blir servert med bakt potet
- Sjokolademousse med jordbær

Billett inkl middag kr. 645,-

Trine Rein er en av få norske artistar som har selt meir enn ein million plater, og få artistar kan måle seg med stemmeprakta hennar. Dei siste åra har ho vunne NRK sin The Hit 2014 - kom til finalen i NRKs StjerneKamp 2015, og har gjennomført omfattande turnéar med nær 100 konsertar i året. Trine Rein som har over 20 år i bransjen - fekk gjennombrotet sitt i 1993 med debuten *Finders keepers* og låg øvst på salgslistene i Noreg i fem veker – selde totalt til 3 x platina og har fått ein Spellemannspris. Det er difor ingen kven som helst som i løpet av 2017 kjem ut med nytt album. På dette nye albumet *The Well*, har ho samarbeidd med mellom andre Tony Carey og Ronni Le Tekrø, og tredje single *Hello it's me* vart sleppt i november.

På denne konserten vil Trine Rein by på ei forestilling med mange dimensjonar, og publikum vil få oppleve både kjente og nye låtar med ein live twist i arrangementa. Trine er kjent for å by på seg sjølv med historier og betraktningar frå eige liv og karriere. Ho ynskjer å gje publikum ein skikkeleg heilafte, med eit forfriskande nytt sound. Trine Rein kjem til Ål kulturhus ilag med Tony Carey og fullt band.

Storesalen

Torsdag 6. april kl. 1900

Billetter kr. 400,-

Lovsang ●

Good Friday

Påskebodskapen i lovsang og skriftlesing. Det har vorte ein fin tradisjon at Pinsekyrkja HÅP ynskjer velkomen til Ål kulturhus på Langfredag. Dei inviterer folk frå fjern og nær, liten som stor, til ein kveld der påskebodskapen er i fokus gjennom sang, skriftlesing og nattverd.

Storesalen

Fredag 14. april kl. 1900

Billetter kr. 100,-/50,-

UKM Fylkesmønstring

● Mønstring

Ål kulturhus er arena når Ung Kultur Møtes i Buskerud. På fylkesmønstringa til UKM deltek nærare 300 ungdomar frå heile fylket. Dei er plukka ut frå dei ulike lokale mønstringane rundt i kommunane. Denne helga byr på spennande og unike forestillingar, kunstutstillingar og aktivitetar. La deg imponere av alle dyktige ungdomane!

Dette er også Buskerud UKM sitt 30-årsjubileum, så her blir det garantert slått på stortromma.

Ål kulturhus
Helga 21.-23. april



TEATRET

Teater ●

Pulverheksa og venene hennar

Velkomen til ei heilt ny forestilling med Maj Britt Andersen og alle me kjenner frå Pulverskogen. Alle gledar seg til det store ballet hjå Draumeprinsen, men alt er ikkje som det brukar å vere i Pulverskogen.

Tjuven har vorte sint på Politimannen og vil ikkje vere tjuv lenger. Og Politimannen er sur på Tjuven fordi han blir arbeidsledig når ikkje Tjuven vil vere tjuv. Ingen av dei vil koma på ball viss den andre kjem. Og Krokodilla gruar seg til vinteren, så han lurar på om han skal flytte til Afrika. Alt dette gjer Draumeprinsen så trist at han ikkje vil vere draumeprins meir. Dessutan er det ein diger, skummel skapning som rører seg mellom trea og set store fotspor overalt, og gjer alle redde. Kva er det som skjer i Pulverskogen? Blir det ikkje fest? Alt var jo så bra i verdas finaste Pulverskog. Kanskje Pulverheksa kan hjelpe? Velkomen til ei varm og fargerik forestilling. Nok ein gong er det den barnekjære Spellemannpris-vinnaren Maj Britt Andersen som spelar Pulverheksa – noko anna ville truleg ført til opprør rundt om i landet. Og eitt er sikkert: ingen stader er Pulverheksa meir levande enn i teatret. Ein spesiell velkomst til alle små og store troll som skal på teater for aller fyrste gong.

Pulverheksa og venene hennar
høver for barn frå 3 år,
og varar i ca 45 minutt.

På scena:
Maj Britt Andersen,
Janne Starup Bønes,
Jørn Morstad og Haakon Strøm
Regissør: Ivar Tindberg
Komponist: Geir Holmsen
Scenograf: Christine Lohre
Dokkedesignar: Grete Larssen
Produsert av Riksteatret

Storesalen

Onsdag 3. mai kl. 1800

Billettar kr. 230,-/190,-



Ål kyrkjeakademi inviterer til filmkveld:

Om Guder og mennesker

Kyrkjeakademiet set opp filmen «Om guder og mennesker» som tek opp spørsmålet om korleis halde fast og tru på det gode i mennesket og verda, når det ser ut til at det onde tek overhand?

Åtte kristne munkar frå Frankrike lever sine stille liv i eit gammalt kloster djupt inne i dei algeriske fjella. Store delar av dagen går med til bønn og song for å kome nærare Gud. Men munkane er også nyttige personar for lokalbefolkninga, med viktig kunnskap om medisin, nyttevekster og annan livsvisdom.

Filmen er basert på ei sann historie, og handlinga er lagt til midten av 90-talet. Munkane sitt trygge tilvære mellom dei tjukke murane på klosteret er truga av fundamentalistar som ikkje er nådige mot folk med feil tru. Dei lokale myndigheitene ber munkane reise heim til Frankrike. Munkane tviler og diskuterer, men veljer å bli. Trufaste mot kallet sitt og oppgåvene sine i lokalsamfunnet. Filmen fekk den økumeniske Andreasprisen i Haugesund i 2010. Den same prisen fekk filmen i Cannes, i tillegg til Juryens stor pris (Grand Prix). Filmen vart også vald til fransk Oscar-kandidat.



Etter filmen blir det samtale rundt tematikken. Vigdis Moen Storhaug blir med oss for å reflektere og dele sine tankar rundt spørsmåla me sit att med.



Film

Veslesalen
Torsdag 11. mai kl. 1915
Billetter kr. 150,-/120,-

Stand-up ●

Dora Thorhallsdottir debuterte hausten 2013 med braksuksessen *Det var ikke sånn det skulle bli*. Showet spelte for utselde hus i over to år og gjorde henne til ein stor publikumsfavoritt. No er ho endeleg attende med ei splitter ny forestilling! Sjå fram til ei sprudlande heilafte med ærleg, intelligent og hysterisk morosam stand up med landets artigaste relasjonsterapeut.

Dora si erfaring frå humorscenen og terapirommet gjev henne gode føresetnader for å sjå det komiske i alt som omhandlar familien.

I *Familiegreier* tek ho for seg alt frå arveoppgjer til slektsforsking, svigerfamiliar, foreldremøte, julaftnar, begravelsar, elefantar i rommet og alt anna rusk og rask dei fleste av oss har i flokken.

Dette blir garantert eit show med høg latter- og attkjenningsfaktor!

HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal
Kl. 18.00

- Kveite med agurksalat, potetmos og sitronrømme
- Milde måne vaniljeis, bjørnebær, eggelikør og krem

Billett inkl middag kr. 595,-

Storesalen

Fredag 12. mai kl. 2000

Billetter kr. 350,-

STAND UP NORGE PRESENTERER


Dora Thorhallsdottir



FAMILIEGREIER

Open dag på Ragnhildrud

● Nesch



Open dag på Ragnhildrud i juni har vore så vellukka at familien etter Rolf Nesch, Nesch-nemda i Ål kommune og Ål kulturhus ynsjer å lage ein ny Nesch-dag på garden i Liagardane i Ål, der Nesch budde og jobba i over 20 år.

Besøk og omvising i atelieret samt ute på gardstunet er ein del av programmet. Det blir også kulturinnslag undervegs og enkel servering inngår i prisen. Billetten er inkludert buss tur/retur kulturhuset. Bussen går frå nedsida av kulturhuset kl. 1300, og programmet varar omlag 3 timar.

Rolf Nesch

NB! Ragnhildrud
Laurdag 10. juni kl. 1300
Billett kr. 200,- inkl. buss

Konsert ●

LEIKSKEID 2017



Mari Boine m/band & Darling West

Mat og kultur i storslagen natur!

Etter ein times vandretur innover i fjellheimen frå Toviken kjem du til lungsdalshytta der du gjennom fleire timar kan nyte fantastisk musikk medan du kosar deg med verdas beste rummegraut og annan nydeleg fjellmat med godt drikke attåt. Alt skjer ute i den frie natur, så i tillegg til den storslåtte konsertopplevinga, vil også fjellområdet som omkransar arrangementet kunne ta pusten frå deg.

Vertskap frå lungdalshytta og Ål kulturhus ynskjer for niande gong velkommen til årets vakraste konsertoppleving i Hallingdal.

NB! lungsdalshytta

Laurdag 19. august kl. 1300

Billetter kr. 680,-/860,- inkl. buss

Bussen går frå nedsida av Ål kulturhus kl. 1000. Retur frå Toviken kl. 1900.

LEVELD KUNSTNARTUN

Leveld Kunstnartun er ein arbeidsstad der utøvande kunstnarar kan arbeide i kortare eller lengre periodar, og der utøvarar med ulik bakgrunn kan arbeide på tvers av sjangrar. Kvar kunstnar som bur på tunet skal gje noko attende – ein konsert, eit foredrag, ei utstilling, ope hus og så vidare. Så følg med - det blir mange spanande arrangement framover!



Me ynskjer kunstnarane våre for fyrste halvår 2017 varmt velkomne:

- * **Ole Nilsen** og **Bjørn Kåre Odde**, norske folkemusikarar på trekkspel og fele med fokus på nyskaping.
- * **Espen Wensaas**, gitarist med vekt på folkemusikk, jazz og improvisert musikk.
- * **Jared Boechler**, canadisk målar med hovudfokus på det notidige og surrealistiske.
- * **Kyoyoung Keum**, koreansk teiknar og målar med interesse for virkeligheita.
- * **Loek von Vliet**, nederlandsk fotograf med fokus på landskap og menneskelege kjensler.
- * **Cat Fenwick**, engelsk installasjonskunstnar med interesse for landskap og naturlege former.
- * **Ellis O'Connor**, skotsk biletkunstnar med fokus på det naturlege miljøet.
- * **Geoff Stear**, skotsk biletkunstnar med hovudfokus på abstrakt landskap.
- * **Cato Løland**, norsk moderne kunsthandverkar og biletkunstnar med interesse for ektheit og syntese.
- * **Jennifer Turbes**, amerikansk musiker med fokus på undervisning, fele og hardingfele.
- * **Merel van Engelen**, nederlandsk biletkunstnar med fokus på moderne landskap.

fryd scene

**Fryd Scene kjem til å ha fleire
konsertar utover våren,
følg med i Hallingdølen!**

Her er nokre smakebitar:



Torsdag 9. februar kl. 19.30

Mongrel

Kvartetten Mongrel skil seg ut i den norske jazzfaunaen med musikk som består av velfunderte melodiar og finurlege innfall. Musikarane kjem frå ulike jazz-band – mellom anna Baker Hansen og har alle fire spelt på Ål med ulike grupper. Dette er ująlete jazz og nyfiken utforskartang – heile tida med intuitiv musisering i fokus. Thomas Husmo Litleskare – trompet, Ayumi Tanaka – piano, Stian Andersen – bass, Tore Flatjord – trommer.

Onsdag 22. februar kl. 19.30

Signe Marie Rustad og Annar By

Signe Marie Rustad er på vegen med si andre Americana-plate. Det er country-element i musikken hennar, men ho vender også blikket mot dei britiske øyene. Ho har ein poetisk pondus i tekstane sine og ei sterk musikalsk åre. Med seg på Fryd Scene har ho Annar By på vokal og gitar. Annar er godt kjend som folkesongar, men også som countrymusikar.





Tysdag 7. mars kl. 19.30
Anders Löfberg åleine

Anders Löfberg er svensk riksspelemann frå Småland. Han spelar både i Nordic og Majorstuen, men på Fryd Scene kjem han åleine med felene og celloen. Å spele folkemusikk på cello er ikkje noko me høyrer kvar dag, men Anders har gjort dette til ein kunst. Han er ein meister både på fele og cello og har eit sterkt tradisjonsspel - eit spel som ber preg av rytme, puls og improvisasjonar.

Torsdag 20. april kl. 19.30
på Leveld Kunstnartun
Spirit in the dark

Spirit in the dark består av David Wallumrød på eit ekte hammond orgel, Audun Erlien på bass og Anders Engen på trommer. Dei spelar rå, groovy og luftige gospeltonar. Gospel er ein vital sjanger som som også lev sitt eige liv, utan å vere eit religiøst prosjekt. Musikken har solide musikalske røter og bandet brenn etter å dele dei fantastiske låtane med fleire! Live er dette ei musikalsk oppleving ein ikkje kan gå glipp av!



Torsdag 4. mai kl. 19.30
Väsen

I over 25 år har den svenske folkemusikkgruppa Väsen vore moderne tradisjonsbærarar og spydspissar for den nordiske folkemusikken. Dei har spelt på Ål ved fleire høve, og no kjem dei endeleg attende! Den rå musikaliteten, det enormt leikande samspelet og den lune humoren, både i dialog med publikum og i samspelet gjer denne trioen til noko av det mest spennande me kan høyre av folkemusikk. Olov Johansson, nykkelharpe, Mikael Marin, bratsj og Roger Tallroth på gitar.



Fryd Scene
gjev publikum store musikalske opplevingar i eit intimt lokale. Konsertstaden er Aal Pensjonat, der Fryd Scene har etablert seg som ei kvalitetsbevisst, sjangerfri, uhøgtidleg og fordomsfri scene midt på torget på Ål.

Det er alltid høve til å kjøpe kaffi og heimelaga kake på konsertane våre.

Billetter kan kjøpast på førehand på Ål kulturhus (aal.kulturhus.no) eller direkte i døra 30 minutt før konsertstart.



ÅL KULTURHUS
www.aal.kulturhus.no



ÅL KULTURHUS
www.aal.kulturhus.no

TIL: DEG
FRÅ: MEG

MED YNSKJE OM
EI GOD
OPPLEVING

Gje nokon ei god oppleving – kjøp gavekort på Ål kulturhus!

Det finst to utgåver av gavekort på Ål kulturhus: Det eine kjøper du på hallingbillett.no og det gjeld for alle forestillingar som blir selt gjennom nettportalen Hallingbillett. Dette kjøper du på nett, skriv ut heime, og kortet kan berre nyttast til kjøp på internett. Den andre utgåva kjøper du i skranken på Ål kulturhus.

Du bestemmer sjølv sum, og kortet kan nyttast på kino, kulturarrangement, kunst og på alle salsvarer i kiosken. Kortet er gyldig i eitt år frå kjøpsdato.

NB! Dette kortet kan du berre bruke i skranken på Ål kulturhus - ikkje på internett.

Nesch-museet



Rolf Nesch

“Sjefens frue” (1954)

Nesch-museet er verdens største permanente samling av arbeida til den internasjonalt kjende, tysk-fødde kunstnaren Rolf Nesch (1893-1975). Samlinga omfattar både grafikk, skulpturar, måleri og materialbilete.

Museet opna i 1993 og er besøkt av kunstinteresserte frå store delar av Europa.

Hallingrosa



kultursveif hallingdal

Skåpdør måla av Andres Dekko

Opplev rosemålar-kunst i verdensklasse, med særleg vekt på hallingrosa. Utstillinga tek utgangspunkt i den kunsthistoriske utviklinga frå slutten av 1700-talet og fram til nyare rosemåling.

Du finn utstillinga Hallingrosa i nedre foaje på kulturhuset.

Kunst

Nesch-museet




KOM FOR MUSIKKEN! KOM FOR DANSEN! KOM FOR FESTEN!

ÅL I HALLINGDAL 25. TIL 28. MAI 2017

FOLKEMUSIKKVEKA

«Folk må eingong um aaret
vera galne og slå seg lause og
snu opp ned på alle ting»

A. O. Vinje



FOLKEMUSIKK



VEKA

WWW.FOLKEMUSIKKVEKA.NO

FOLKEMUSIKKVEKA@GMAIL.COM

MOB 477 56 565

Svend Lundstrøm